

# INVITASJON TIL TEIKNING AV GRUNNKAPITAL/ANNAN EIGENKAPITAL I SAMBAND MED STIFTINGSMØTE FOR STIFTINGA SANKTA SUNNIVA, SELJA OG STAD

Denne informasjonen må sjåast i samanheng med informasjon i Prospekt Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad datert juni 2015, og informasjon på teikningsblankett.

Stiftingsmøte for Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad finn stad 17.06.2015.

Vi gjer merksame på at det også er høve til å gje bidrag/gåver til Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad etter at selskapet er skipa.

## 0. INFORMASJON OM TEIKNING

### 0.1 Teikning av grunnkapital og annan fondskapital

Det vert halde stiftingsmøte for Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad 17.06.2015. I samband med møtet blir det invitert til teikning av stiftinga sin eigenkapital. Stiftinga er ei næringsdrivande privat stifting og grunnkapitalen må difor vere minimum NOK 200.000,-. I stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad vil dei første NOK 200.000,- bli sett som grunnkapital. Overskytande teikningsbeløp vert å setje i eit eigenkapitalfond som annan eigenkapital.

Når stiftinga er oppretta, har opprettaren (den som har teikna seg for grunnkapital/annan eigenkapital) ikkje lenger råderett over formuesverdien som er overført til stiftinga. Jfr. Lov om stiftingar § 3. Andelen ein bidreg med går til føremålet og gjev såleis ingen stemmerett i samband med årsmøte og liknande.

Etter at Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad er skipa, kan ein framleis teikne seg for kapital i stiftinga. Denne kapitalen vert då lagt til Sankta Sunniva, Selja og Stad sitt eigenkapitalfond som annan eigenkapital.

### 0.2 Minste og største teikningsbeløp

Der er ikkje sett øvre eller nedre grenser for teikningsbeløp.

### 0.3 Teikningsperiode og -stad

I samband med skipinga av Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad er teikningsperioden frå og med 4.2.2015 til og med 17.6.2015. For dei som ikkje sjølv møter på stiftingsmøtet på Sunnivahuset og teiknar seg direkte der, må korrekt utfylt teikningsblankett vere komen inn før kl 14.00 den 17.6.2015 til: Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad, c/o Gerd Kjellaug Berge, 6740 Selje.

### 0.4 Innbetaling av grunnkapital

Dersom teikna grunnkapital ikkje er innbetalt innan betalingsfristen, fell teikninga bort.

### 0.5 Garantikonsortium

Det føreligg ikkje teikningsgarantiar. Dersom det teikna beløpet er mindre enn NOK 200.000,-, vil stiftinga ikkje bli gjennomført, men utsett til eit seinare tidspunkt.

### 0.6 Kostnader

Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad dekkjer alle kostnader i samband med stiftinga.

### 0.7 Teikning av annan eigenkapital etter at Sankta Sunniva, Selja og Stad er skipa.

Etter at Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad, er skipa kan ein framleis teikne seg for kapital i stiftinga. Denne kapitalen kan også gjevast i form av donasjonar, gåver, marknadsføringsbidrag m.v.

Med mindre denne kapitalen er gjeven til øymerka føremål, vert den lagt til Sankta Sunniva, Selja og Stad sitt eigenkapitalfond i form av annan eigenkapital.